



«MOTTAKERNAVN»

«ADRESSE»

«POSTNR» «POSTSTED»

«KONTAKT»

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TURIDME	2015/3276	7525/2016	165/7	01.04.2016

## 165/7 - søknad om oppretting av festetomt

### Bakgrunn:

Vinje kommune mottok 09.november 2015 søknad frå Åsmund og Trygve Løvås om oppretting av festepunkt for «Veslehytta» på eigedom 165/7 på Argehovd. Det var ei tid tvil om statusen på hytta var eit anneks, utleiehytte eller fritidsbustad. Grunneigar utdjupar bruken av hytta i mail av 01.04.2016, der han skriv at hytta vart satt opp på 50 – talet, altså før krav om søknadsplikt. Ein har difor inga dokumentasjon på kva hytta var tenkt til. Vidare forklarar grunneigar at hytta vart delvis nytta som fritidsbustad og delvis utleiehytte dei 30 fyrste åra, mens dei 30 neste åra er den berre nytta som rein fritidsbustad. Søknaden vart sendt til fylkesmannen for uttale. Fylkesmannen i Telemark rår kommune til å ikkje gje dispensasjon til å skilje frå ei utleiehytte eller eit anneks. Eigedom 165/7 ligg på Argehov, i enden av Møsvatn. Det eksisterar ein eldre bebyggelsesplan frå 1992 ihht kommuneplanens arealdel for området. Området som Veslehytta ligg er sett av til fritidsbebyggelse i bebyggelsesplanen. Elles ligg området innanfor Regional plan for Hardangervidda under hensynssone E – fjell og fjordbygder. I § 3.5 under punkt om fritidsbebyggelse i føresegnene for regional plan for Hardangervidda er det opna for at kommunen kan, i samband med vidare kommuneplanlegging, opne for ei avgrensa fritidsbygging innanfor visse rammer:

- *Bebyggelsen skal gis god landskapsmessig tilpassing med sikte på å ivareta stedets særpreg og kulturlandskap. Nye bygg skal ha størrelse og form tilpasset stedets tradisjon, jf § 2.1.*
- *Lokalisering og antall skal fastsettes i kommuneplanene, og gis rammer slik at landskapsbildet opprettholdes og villreinhensyn ivaretas.*

### Vurdering:

Etter ei grundigare undersøking og meir dokumentasjon frå grunneigar er konklusjonen at ein legg til grunn at hytta mest sannsynleg var tenkt som og sett opp som fritidsbustad. Søknaden vil såleis vere i tråd med overordna plan og det er då ikkje nødvendig med dispensasjon. Søknaden vert, etter ei brei vurdering, sett på som ei frådelling til uendra bruk. Det inneber at bruken av hytta fortset som den stort sett alltid har gjort og at det er vurdert at eit positivt

vedtak ikkje vil føre til auka trafikk i området eller generere meir ferdsel inn i villreinens leveområde enn det som er i dag. Det er viktig å vurdere konsekvensane av tiltaket nøye då området ligg i nær tilknytning til nasjonalt villreinområde (sone A og sone B i regional plan for Hardangervidda). Sjølv om det ved frådelling til uendra bruk ikkje er krav om å vurdere påverknad på området og villrein, som er mest aktuelt her, vel ein likevel å inkludere det i saka då det var noko tvil om bygningens status.

På bakgrunn av vurderingane som er gjort gjev Vinje kommune løyve til oppretting av festepunkt jf plan og bygningslova § 11-6.

Det vert sett som føresetnad at det vert sikra rett til vatn, avløp og tilkomst jf plan – og bygningslova § 27-1, 27-2 og 27-4.

I medhald av plan og bygningslova § 11-6 vert det gjeve løyve til oppretting av festepunkt for «veslehytta» på 167/5 som omsøkt.
--

Med helsing

Turid Opsund Mæland  
plan- og byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Sendt til:  
Åsmund Løvås

Arge 3864  
hovd  
7

Rauland            Trygve Løvås  
3612                Kongsberg

Daniel  
Barths Vei 3